



Fylkesmannen i Vestland Kommunal

Fylkesmannen i Vestland

Fylkesmannen er statens representant i fylket, og har ansvar for å følge opp vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og Regjeringa. Fylkesmannen skal dessutan fremje fylka sine interesser, og kan ta initiativ både lokalt og overfor sentrale styresmakter.

Fylkesmannen i Vestland har delt lokalisering mellom Leikanger, Bergen og Førde - med hovudsete i Leikanger.

Rådgjevar - samfunnstryggjeleik og beredskap

Om stillinga:

Har du lyst å jobbe med samfunnstryggjeleik og beredskap? Fylkesmannen har seks avdelingar med eit spekter av oppgåver, og du vil få ein variert og spennande jobbkvardag hjå oss. Kommunalavdelinga vert leia frå Leikanger og har for tida 54 tilsette i tre seksjonar; kommuneforvaltning og -samordning, plan, og beredskap, med kontorstader på Leikanger, i Bergen og Førde.

Kommunal har ledig ei fast stilling som rådgjevar med kontorstad Leikanger. Fylkesmannen har ansvar for å samordne arbeidet med samfunnstryggjeleik og beredskap i Vestland fylke, og skal vere ein pådrivar og rettleiar for dette. Kontakten med kommunane står sentralt, og Fylkesmannen skal særleg rettleie og drive tilsyn med oppfølginga av beredskapsplikta til kommunane.

Arbeidsoppgåver:

- rettleie, kontrollere og føre tilsyn med kommunane si oppfølging av beredskapsplikta
- planlegge, gjennomføre og evaluere øvingar
- planlegge beredskapstiltak og delta i kriseorganisasjonen til Fylkesmannen
- analysar av risiko og sårbarheit

Andre oppgåver innan samfunnstryggjeleik og beredskap kan og bli aktuelle.

Kvalifikasjonar:

- høgare utdanning, fortrinnsvis innan samfunnstryggjeleik eller generelle samfunnsvitskaplege fag
- røynsle frå offentleg forvaltning
- må kunne tryggjeleksklarerast
- førarkort klasse B

Personlege eigenskapar:

- gode formidlings- og samarbeidsevner
- innsatsvilje
- evne til å arbeide sjølvstendig, målretta og effektivt

Som tilsett hos Fylkesmannen får du:

- interessante arbeidsoppgåver
- ein arbeidsplass i utvikling
- eit kompetent og godt tverrfagleg arbeidsmiljø
- medlemskap i offentleg tenestepensjonsordning
- fleksibel arbeidstid

Vilkår:

Stillinga er lønna i stillingskode 1434 rådgjevar frå kr 490 000 - 580 000 brutto per år ut frå kvalifikasjonar og lokal lønnspolitikk. Stilling som seniorrådgjevar har strenge krav til kompetanse. For særskilt kvalifiserte søkjarar kan vi vurdere høgare lønn, og stillingsplassering som seniorrådgjevar.

Fylkesmannen ønskjer mangfald, og vi oppmodar difor alle kandidatar som er kvalifiserte til å søkje utan omsyn til alder, kjønn, funksjonsevne, nasjonal eller etnisk bakgrunn. Embetet er IA-verksemd, og vil leggje til rette for arbeidstakarar med nedsett funksjonsevne.

Dei første seks månadane er prøvetid.

Tenestemålet er nynorsk.

Vitnemål og attestar må leggjast ved søknaden.

Søkarlista er i utgangspunktet offentlig. Du kan be om unntak dersom vilkåra i lova er til stades.

Nærare opplysningar om stillinga får du hjå;

- fylkesberedskapssjef Haavard Stensvand tlf. 57 64 30 10 eller mobil 915 77 432
- kommunaldirektør Nils Erling Yndesdal tlf. 57 64 31 20 eller mobil 957 23 372

Jobbnorge-ID: 170059, Søknadsfrist: Søknadsfristen er gått ut